

Orientering om utviklinga av kommunen sine IKT-kostnader

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret i IKT Nordfjord har vedtatt framlegg til budsjett for 2027.


Kommunen sine IKT-kostnader utgjør ein betydeleg og aukande pott i kommunebudsjettet. Denne saka gir ei kortfatta orientering om korleis kostnadsutviklinga har vore dei siste åra, og peikar på dei mest sentrale årsakene til dette.

Saka belyser også kva vi vil stå overfor i åra som kjem, og tiltak som kan setjast i verk for å sikre ei kontrollert kostnadsutvikling.

Organisering

IKT Nordfjord er eit interkommunalt IKT-samarbeid mellom kommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn. Samarbeidet er delt i 2 operative einingar; IKT Strategi og IKT Drift. Stad er vertskommune for IKT Strategi, og Kinn er vertskommune for IKT Drift.

Biletet under syner organiseringa av IKT Nordfjord:



IKT Nordfjord har eit tett samarbeid med dei to IKT-samarbeida sør for oss; SyS IKT (Sunnfjord og Ytre Sogn) og IKT NH (Nord-Hordaland). Samarbeidet mellom dei 3 IKT-samarbeida skjer t.d. innanfor område som anbudsprosessar og innkjøp, utvikling av sikre løysingar for bruk av KI, generell datatryggleik mm.

Kostnadsutvikling

Kommunane sine IKT-kostnader har auka meir enn den generelle kostnadsutviklinga dei seinare åra. 2027-budsjettet syner at IKT Nordfjord vil få driftskostnader på noko over 83 mill. Dette er opp frå om lag 76 mill. i inneverande år. Gloppen kommune sin del aukar frå om lag 10,3 mill. til om lag 12,7 mill. (sjå tabellane under):

År	2027 budsjett	2026 budsjett	Budsjett 2025
Drift, Nordfjordnett	59 769 000	54 160 000	47 421 887
Drift, IKT Strategi	23 559 000	21 792 000	20 221 843
IKT Nordfjord samla	83 328 000	75 952 000	67 488 730

	Samla	Kinn	Stad	Gloppen	Stryn	Bremanger
IKT Nordfjord samla	Budsjett 2027 83 328 000	29 017 036	17 934 764	12 722 945	14 645 877	9 007 377
	Budsjett 2026 67 488 730	23 437 696	14 519 654	10 255 671	11 834 664	7 441 045
	Budsjett 2025 57 645 937	20 002 784	12 403 451	8 753 692	10 084 874	6 401 136

I 2026 skulle IKT Nordfjord ha høge investeringskostnader (ramme på 20,6 mill.), og investeringskostnadene i 2027 vil verte noko lågare (17,8 mill. der delar er overførte midlar frå inneverande år). Vi ligg likevel mykje høgare enn i t.d. i 2025 (sjå tabellane under):

År	2027	2026	2025
Nordfjordnett	3 400 000	3 300 000	3 000 000
IKT Strategi	14 400 000	17 300 000	1 800 000
IKT Nordfjord samla	17 800 000	20 600 000	4 800 000

År/kommune	Sum	Kinn	Stad	Gloppen	Stryn	Bremanger
IKTNF samla 2027	17 800 000	6 198 436	3 831 111	2 717 795	3 128 560	1 924 099
IKTNF samla 2026	20 600 000	7 190 971	4 444 902	3 129 519	3 615 847	2 218 761
IKTNF samla 2025	4 800 000	1 041 849	645 426	455 884	526 073	330 768

Årsakene til auka kostnader knytt til IKT-området

Teknologiselskap som t.d. Microsoft, har auka prisane sterkt dei sist åra. Dette er drive både av auka kostnader knytt til produksjon som følgje av den geo-politiske situasjonen, og konsentrasjon av marknadsmakt (store og hovudsakleg amerikanske teknologigigantar). Kostnader på einskildkomponentar som minne, disk, grafikkort og prosessorar har auka med 100-300 %, PC-ar har auka i pris med 30-50 % og serverar med 150-200 %. Det er global mangel på slike komponentar pga. at KI-selskap og datasenter nyttar enorme mengder av desse enkeltkomponentane.

I 2027 må IKT Nordfjord fornye avtalen med Microsoft om IT-lisensar. Dette utgjør ein svært stor del av kostnadsauken (isolert sett er det venta ein auke på heile 68 %). IKT Nordfjord vil gjennomføre forhandlingane saman med SyS IKT og IKT NH for å oppnå ein best mogleg avtale.

Der finnast også døme på område der vi lykkast med å redusere kostnadene gjennom felles forhandlingar med leverandørane, men det samla biletet syner likevel ein betydeleg kostnadsauke.

Kommunane handterer store mengder med personsensitive data. Krava til auka datatryggleik har blitt skjerpa, og dette gir kommunane auka kostnader knytt til sikring av data og systemtilgangar. Dette er eit særskilt viktig arbeid.

Tryggleikssystema til Nordfjordnett stoppar kvar månad om lag 12.000 avanserte trugsmål. Dagsaktuelt ser ein den alvorlege situasjonen Lørenskog kommune er i etter at kommunen sine system vart hacka, og sensitiv brukarinformasjon hamna på det mørke nettet. Styret er opptatt av at vi best mogleg sikrar oss mot slike hendingar.

I løpet av dei siste åra ser ein ei sterk dreining frå serverbaserte til skybaserte program og applikasjonar. Leverandørane vil ikkje lenger halde ved like og oppdatere dei serverbaserte løysingane som Nordfjordnett driftar, og dette tvingar fram ein overgang til skybaserte løysingar. Dette har så langt auka kostnadene våre.

På sikt vil vi kunne fase ut meir og meir av eiga serverdrift som følgje av førenemnde, og dette vil redusere denne delen av kostnadene våre.

Det er likevel ein generell trend er at skybaserte løysingar kostar meir enn serverbaserte.

På investeringssida, vil prosjektet med å få på plass ny løysing for elektroniske pasientjournalar (EPJ) krevje mest midlar. Prosjektet har ei kostnadsramme på 9 mill. Dette er eit samarbeidsprosjekt med dei to tidlegare nemnde IKT-samarbeida.

Faktorar som vil påverke kostnadsutviklinga vidare


KI vil verte eit viktig verktøy for kommunen i arbeidet med å effektivisere arbeidsprosessane våre. Dette kan potensielt gjere oss i stand til å handtere aukande arbeidsmengde med same tal på eller færre tilsette. Kampen om arbeidskrafta vil hardne til, og vi må settast i stand til å nytte KI for å medverke til å handtere framtidig mangel på kompetente tilsette. Gloppen tok som første kommune i Nordfjord, i bruk KI som verktøy for å effektivisere postmottak og journalføring. Dette har effektivisert drifta vår, og fungert svært bra så langt.

Det vil innebære auka kostnader å ta i bruk KI, men ref. førenemnde bør dette langt på veg kunne finansierast med ein effektiviseringsvinst i drifta.

Kommunane har i dag tilgang til offentlege generative KI-løysingar som CoPilot og ChatGPT. Bruken av desse verktøya skjer utan at kommunane har ein felles strategi for styring og kontroll av generativ KI. Dette inneber risiko for handsaming av sensitive dokument og informasjon. I Regjeringa sin strategi for KI er målet at 80 prosent av offentlege verksemder skal ha tatt i bruk KI i løpet av 2025, og 100 prosent innan 2030.

For å sikre ei forsvarleg og strategisk bruk av generativ KI, ønskjer samarbeidet IT Vestland å greie ut ei felles tilnærming, implementering og utvikling. Dette inkluderer ei teknisk løysing

basert på tilgjengelege KI-plattformer med ein dedikert chat-applikasjon som sikrar kommunane god styring og strategisk utvikling («Veten»-plattforma som kommunestyret fekk informasjon om i vår). Løysinga er underutprøving, og kommunen vil venteleg få tilgang til denne i løpet av hausten (sjå figur under):



Marknadsdominansen som dei store, amerikanske teknologiselskapa har, representerer ei alvorleg utfordring – ikkje berre for oss, men for heile den europeiske marknaden. Vi ser at den aggressive prispolitikken som vert ført, gjer at det vert arbeidd med felles europeiske initiativ. Vi er likevel eit godt stykke unna å ha slike alternativ enno.

Nokre kommunar hevdar at dei har eller er i ferd med å gjere seg uavhengige av amerikanske teknologiselskap. Larvik kommune er eit døme på dette. Dette er nok likevel ei sanning med modifikasjonar. Dersom ein kastar ut Microsoft og erstattar dette med Google sine løysingar, kan dette løne seg, men mtp. avhengigheit er ein vel i praksis «like langt».

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

